

**Oppføringsløyve for ny u-skule**

08.01.2012

**Kommunen har no gjeve oppføringsløyve for den nye ungdomsskulen i Rosendal der det også er mange elevar frå Uskedalen. Nybyggdelen utgjer 2245 kvadratmeter bruttoareal og bygget dekkjar alle fag med unnatak av teknisk anlegg for brannalarm og naudljøs.**

Dei som skal gjennomføra prosjektet er Byggservive AS, Husnes Røyr og Klima og Energi service, Stord og prosjektet kan igngsetjast straks. Igangsetjingssøknad for det tekniske anegg for brannalarm og naudljøs bes sendt inn så snart dokumentasjonen er på plass. Søknaden er forøvrig godt dokumentert, skriv kommunen..